

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Vår dato: 16.10.2019  
Vår ref.: 201911688-2  
Arkiv: 311  
Dykkar dato: 10.10.2019  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Idun Nessestrand Vefring

## NVE si uttale -søknad om lukking av bekk - GBnr 30/2 - Meland kommune

NVE syner til brev dagsett 14.10.19, der Meland kommune ynskjer uttale frå NVE på omsøkt bekkelukking ved GBnr. 30/2. Årsak til bekkelukkinga er at den kommunale vegen vert flytta og utvida, noko som førar til at jordbruksarealet langs vegen no vert for bratt til å kunne nyttast. Ved å lukke bekken kan det etablerast ei slakare helling over bekken.

Meland kommune ynskjer også klarheit i om det er kommunen eller Fylkeskommune som gjev løyve etter Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Fylkesmannen har ansvar for tiltak på strekninger som fører anadrome laksefisk eller kreps. Fylkeskommunen har ansvaret for tiltak i vassdrag eller deler av vassdrag som ikkje fører anadrome laksefisk eller kreps. Dersom det på den aktuelle strekningen finnes arter eller bestander av innlandsfisk som fylkeskommunen ikkje har forvaltningsansvar for, skal avgjørelser fattes i samråd med fylkesmannen.

### NVE si uttale

NVE skal vurdere tiltaket opp mot § 5- forvalteransvar og aktsomhetsplikt; *Enhver skal opptre aktsomt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.*

*Vassdragstiltak skal planlegges og gjennomføres slik at de er til minst mulig skade og ulempe for allmenne og private interesser. Denne plikten gjelder så langt den kan oppfylles uten uforholdsmessig utgift eller ulempe. Vassdragsmyndigheten kan ved forskrift fastsette nærmere regler om planlegging, gjennomføring og drift av bestemte typer vassdragstiltak.*

*Vassdragstiltak skal fylle alle krav som med rimelighet kan stilles til sikring mot fare for mennesker, miljø eller eiendom.*

Tiltakshavar ynskjer å nytte éit 1000 mm røyr. Det vert vist til at det ikkje har vore problem med flaum tidlegare, men det er ikkje gjort noko hydraulisk vurdering på om røyret er stort nok. NVE anbefalar at det vert gjort ei slik vurdering før det vert gjeve løyve til eit ev tiltak.

Vidare vert det informert om at det er oppgang av aure i bekken, men at ein lokal fiskespesialist, Arnt Brakstad, meiner at gyting berre føregår i nedre del av bekken. Søknaden skal uansett til Fylkesmannen for vurdering/ uttale i høve lakse- og innlandsfiskelova og Forskrifta om fysiske tiltak i vassdrag.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

#### Region Nord

Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

#### Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

I mange tilfeller vil det kunne vere mogeleg å legge om bekken i staden for å lukke den. Er det gjort ei slik vurdering i dette tilfellet?

Bekkelukking bør generelt unngåast. Bekkar skapar variasjon i landskapet, og mange plantar og dyr er knytt til dei. Bekkane har både grunna vasspegel, og vegetasjon, verdi for både det biologiske mangfaldet, og for natur- og kulturlandskapet. Vidare bidreg opne bekkar til reduksjon av forureining nedstraums. Opne bekkar gir vanlegvis mindre fare for flaumskadar, av di dei normalt har større kapasitet til å leie flaumvatn enn røyr, og av di dei gir betre mogelegheit til å kontrollere avrenning i flaumsituasjonar.

**Om kommunen tillèt lukking, er det viktig at alternative flaumvegar er sikra. Tiltakshavar må dokumentere at røyra er dimensjonert for stor flaum, og tiltakshavar må sjå til at det er alternative, sikre flaumvegar for flaumvatnet når røyrret går fult, slik at det ikkje oppstår skadar.** Etter vassressurslova §47 kan skadar på andre eigedomar som følgje av feil utforming og/ eller manglande vedlikehald, medføre erstatningskrav.

Med helsing

Siss-May Edvardsen  
regionsjef

Idun Nessestrand Vefring  
avdelingsingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Mottakerliste:

Laila Bjørge  
Meland kommune

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND